

## TIL

Lindås Kommune

V/Kristin Moe

Kristin.moe@lindaas.kommune.no

## FRA

Erstadjellet Vel

08.01.19

### FORSLAG OG KRAV TIL REGULERING AV ERSTADVEGEN

#### 1. BAKGRUNN

I lenger tid har folketalet og trafikken auka på Erstadjellet. Veggen over fjellet har fått ny såle og farten på bilene har auka. Samstundes er vår oppleving at Kommunen dei siste tre åra har bedra drifta på veggen. Vi ser at kantklipp, brøyting og strøing med nokre unnatak har vorte gjennomført med høgare kvalitet og hyppigheit enn tidlegare. Dette er noko alle innbyggjarar på " fjellet" set stor pris på og betrar både tryggleik og funksjon på veggen. Ein effekt av betra veg har og vore at fleire som ikkje bur her har "oppdaga" veggen og nyttar han til pendling og transport. Vi er takksame for den auka kvaliteten på veggen, men lyt fremja nokre forslag for å gjera veggen tryggare for borna våre.

#### 2. DRØFTING

##### a. Fart

Veggen strekk seg frå avkøyring frå Mongstadvegen FV 57, og Skarsvegen kommunalveg 404. Det er ingen fartsregulering på veggen noko som ut frå Vegvesenet si tolking gjer at det er 50 sone den eine veggen (frå Skarsvegen) og 80 sone den andre veggen (frå Mongstadvegen). Veggen egner seg ikkje for slike hastigheiter uansett, men slik det er no er det sjåførens subjektive tolking som avgjer kor fort han vil køyre. I dei mest bebygde områda er dei fleste innbyggjarane einige om at det er 20 km/t som er mest fornuftig. I strekka imyllo er 30 km/t å foretrekkje. Uansett kor ein vrir og vendar på det er 80 km/t for høg fart på strekninga. I strekka frå Mongstadvegen til fyrste bebygging (om ein kjem austfrå) er kanskje 50 km/t mogeleg, men slik det er no er det for tilfeldig kva fart sjåførar veljar. Ungane våre er difor ikkje trygge når dei ferdast langs veggen.

Både Lensmann, Statens Vegvesen, Trygg Trafikk og kontoret for trafikktryggleik hjå Fylkeskommunen uttrykker munnleg at veggen burde vore nedjustert og regulert i fart. Samstundes er dei klare på at veggen er kommunal og ikkje deira ansvar. Alle sjåførar av bilar skal retta seg etter paragraf 3 i vegtrafikklova og fleire kan nok dømast etter den dersom det kjem til ei ulukke, problemet er at fram til dette er alt ei subjektiv vurdering. Veggen er gamal og ikkje særlig innbydande til fart frå før, og difor ser vi ikkje den store effekten av fartsdumpar. Vi har heller ikkje noko inntrykk av at folk bryt fartsgrensa slik den er i dag, men det kjem nok av at ein skal køyra særers aggressivt for å halde ho.

*Vi meiner ut frå dette at veggen må utgreiast og farta må setjast ned. Vi skal ikkje*

*diktere fartsutmålinga men reknar med at kommunen kjem til fornuftige grenser.*

**b. Lys**

Det er nokre lyspunkt langs vegen bokstaveleg talt. Der det nye byggefeltet er bygd (Stølshaugane), og ein lyktestolpe i krysset ved grusveg ved Erstadvegen 99 er det lys. Resten av vegen er heilt mørk og berre tilfeldig opplyst av andre bygningar. Vegen er svært smal, har mange svingar og vegetasjon tett innpå. Dette gjer at lys i seg sjølv hadde hatt ei svært stor tryggingseffekt.

*Vi foreslår å setja opp lyktestolpar frå Erstadvegen 138 – Skarsvegen.*

**c. Møteplassar**

Vegen var opphavleg bygd for å knytte Alver prestegard til kyrkjelyden på Åse og omkringliggende gardar. Dette var den gong hest og kjerre var framkomstmiddel (1890). Det er enkelt å finna att desse behova i dagens veg, og den er difor eit interessant monument i seg sjølv. Likevel er det heilt andre formål vegen i dag løyser. Eit av dei største problema med vegen er møteplassar for trafikk i motsatt retning. Desse har vorte til undervegs og er komen der kor vegen tillet det. Slik har vegen gnaga seg ut meir eller mindre brukbare møteplassar. I dag er det difor stor forskjell på trafikantar som er kjend langs vegen, og dei som ikkje er det. Folk som ikkje er kjend set bilar frå seg på dei einaste plassane som høver seg som møteplassar for til dømes å nytta turområdet. Alle som bur på Erstadfjellet er svært positive til turgåing, elles hadde ikkje vi budd her. Det er ein plass som er høveleg til parkering lengs aust på fjellet, og fem plassar kor det er høveleg for trafikk å passere kvarandre bortsett frå innkøyrslar.

*Foreslår å setje opp skilting for kvar møteplass og eit parkeringskilt for parkeringsplass.*

**d. Bompengar og gjennomkøyring**

Vi registrerer at det er ein stor debatt om bompengar i den såkalla Nordhordlandspakka. I planane som no ligg ute er forslaget å opprette to bommar i tilknytning til rundkøyringa i Isdalstø (krysset mellom FV 57 og FV 565). Då vert både Skarsvegen men særskilt Erstadvegen to særdeles aktuelle omkøyringsvegar. Frykta vår er då at mange trafikantar som bur i området Alver og Hilland/Radøy vil bruke vegen som pendleveg når dei skal på jobb eller fritidsaktivitetar på Mongstad eller Lindås.

Det er og mogeleg å sette ut bom med elektronisk brikke for å sikre at ingen køyrer vegen utan til bustader. Dette vil koste noko meir men sikre ein at trafikantar opprettheld trafikkreguleringa.

*Vi foreslår å setje opp gjennomkøyring forbode for andre enn fastbuande skilt ved innkøyringa til vegen frå begge sider.*

*Vi foreslår å setje opp ein bom rett aust for Erstadvegen 138 for å hindre gjennomfart.*

**e. Merking**



Slik det no er fins det to skilt langs vegen. Det regulerer akseltrykket og er nok heilt på sin plass. Det er ingen skilt som regulerer forhold som tidligare nemnt til dømes; parkering forbode langs vegen, møteplassar, fart, gjennomkøyring eller bruk av vegen, vi har mange barn men ingen å miste eller liknande. Det er på høg tid å ta tak i reguleringa på vegen og gi den fart og retning. Skilting og merking av overnemnte saker vil på ein billeg måte auke trygginga langs vegen.

*Vi foreslår å setje opp følgjande skilt;  
fartsgrense 30*

*Gjennomkøyring forbode*  
*Parkering/parkering forbode*  
*Møteplass skilt på alle møteplassar*  
*Born leikar skilt rundt fortettinga på toppen av fjellet*

f. **Grusveg**

Det er fleire moglegheiter for å betra tryggleiken for mjuke trafikantar langs Erstadvegen. Ei av dei er å lage ein avlastingsveg for gåande og syklende. Det er ikkje lange strekket som skal til for å utløyse heile byggemassen. Frå Erstadvegen 113 over beite til gards og bruksnummer 138/5 er det kun 200m som skal til for å lage en grus/gangveg for alle skuleungar. Det vil verta den kortaste, og den veggen med jamnast stigning frå til dømes Alversund Barneskule, men og til butikkar og Alverflata som heilskap. Ei anna effekt av ein slik veg er at alle turgåarar vert knytta til Erstadfjellet på ein heilt annan måte enn tidligare, og ein kan nytte parkeringane knytte til kyrkja, skulen og hotellet dersom ein ynskjer å nytte turløyper som Kvamsfjellet, Tveitevarden, Storavatnet eller Vassberget. Det er klart at ein slik grusveg vil kosta noko og krevje eit visst samarbeid i bygda, men klart lågare kostnad enn å utbetra veg med fortau og frikjøp av eigedomar etc. Erstadfjellet Vel skal ikkje stå i veggen for slike forslag, og heller være villig til å stille dugnad for å få til noko slikt. Dette er ei lokal løysing som kanskje er noko uvanleg i kommunesamanhang men ho har vore nytta med stor lukke i til dømes Os kommune som har knytta saman skulekrinsar og bustadfelt med gangvegar. Dette er ei billeg og god løysing og vil sikre kommunen trygge og spreke ungar (som må gå 2km oppoverbakke heim frå skulen). *Vi foreslår å etablere ein grusveg frå Erstadvegen 113 til Skarsvegen 23 for gåande og syklende.*



**g. Fortau og ytterligere utbetring**

Det er ingen tvil om at dersom vegen skal verta så trygg som småbarnsforeldre ynskjer så må det minimum på plass fortau og lyktestolpar med tilhørande overgangsfelt naudsynte plassar. Og aller helst autovern eller skilje mellom gang og sykkelveg. Noko slikt førar med seg arbeid og utbetring av veg, nye murar, sprenging og graving, utkjøp av eigedom og så bortetter. I dette arbeidet kan det også innlemmast breiare veg, kloakk, vatn og internett. Det som talar i mot er at vegen vi har fungerer og kostnaden med ei slik utviding er stor. Det er likevel love å ynskje seg ei betre framtid.

*Vi foreslår fortau og lyktestolper langs heile Erstadvegen der det er hus.*

**h. Skoleskyss**

På Erstadfjellet bur det i dag rundt 25 born berre i området over det nye byggefeltet over Stølshaugane byggefelt. Dersom ein les kva punkt det er som kvalifiserer til farleg skuleveg på i rettleiinga til Trygg Trafikk, kvar eit punkt er nok til å kvalifisere som farleg skuleveg, virkar det som om dei som skreiv punktene sto og såg på Erstadvegen mens dei skreiv. Også tungfikk køyrer denne vegen med bosbil, melkebil og anleggsmaskiner. Slik det er i dag søker kvar familie om skuleskyss for seg, og dei fleste får det innvilga.

I samtale med kommunen vert vi gjort oppmerksom på at dei fleste av oss får dette grunna gode grunngjevingar men at det ikkje er automatikk i saka, og det er avhengig av kor gode kvar familie er til å grunngjeve sine søknadar. Dette tykkjer vi er litt for tilfeldig. Det vil seie at dersom ein ikkje har kapasitet eller vonar å kome på dei rette argumenta i møte med kommunen står ein utan tilbod. Då vert dei utan ressursar dobbelt straffa, ungane kan ikkje køyrast av di foreldre ikkje har råd, og ungane får ikkje skyss fordi foreldre ikkje kan grunngjeve behov. Vi meiner at vegen er like farleg for alle og at det burde gå automatikk i å få skuleskyss så lenge nokon av dei overnemnte tiltak ikkje er møtt.

Det er krav til skuleskyss i rettleiinga for alle frem til 2. klassetrinn dersom skulevegen er over 2 km og frem til 4. klassetrinn dersom skulevegen er over 4km eller farleg. For at vegen skal reknast som farleg er alle punkt er møtt for Erstadvegen. Ei god løysing på dette er å sette opp minibuss som kan samle alle som skal til skulen og køyre heim igjen på to tidspunkt. Då slepp ein unna med ein sjåfør i motsetnad til tre – fire taxiar som fort vert løysinga fremover.

*Vi foreslår å setje opp fast skuleskyss kl 0745 frå toppen av fjellet ned til Alversund skule kvar alle som skal på skulen kan sitje på. Dei som skal på andre skular kan ta vanleg rutebuss vidare. Bussen kan setjast opp kl 1315 og 1415 i retur for å få med dei forskjellige klassetrinna heim att. Dei som må bruke SFO får hente ungar sjølve.*

**3. KONKLUSJON OG ANBEFALING**

Rom vart ikkje bygd på ein dag, og ein kan ikkje vente at alt kan ordnast på ein blunk. Dei fire fyrste punkta er ikkje mykje kostkrevjande og kan utbetrast raskt, medan dei neste punkta er noko meir kost- og tidkrevjande. Difor vonar vi at forslaga våre vert teke opp og vurdert og at dei kjem til å handsamast i fylgjande rekkefølge:

- i. Skuleskyss
- ii. Lys
- iii. Fartsregulering
- iv. Merking og skilting med Gjennomkøyring forbode
- v. Alternativt bom
- vi. Grusveg
- vii. Møteplasser
- viii. Utbetring av veg med fortau og lys

Med venleg helsing Erstadfjellet Vel.